

Vi varmar opp til konsert!!

16.03.2019



Det blir ein flott konsert med svært dyktige musistarar i Uskedal kyrkje neste søndag.

Neste søndag, 24.mars kl.18, vert det ein flott konsert i Uskedalen. Det er dei dyktige kulturskulelærarane Kirill Zimin, Yuko Shuto og Dmitrii Kuzmin som skal opptre saman med gjestene Artur Zimin(7 år) og Avrora Zimina(5 år). Medan vi ventar på konserten, kan vi kosa oss to opptak med kulturskulerektor Kirill frå ein stor konsert i St. Petersburg der han var solist i 2017.

At Kirill Zimin vert invitert til å vera solist i Mariinsky Theatre i heimbyen etter 10 år i Norge fortel mykje om nivået og posisjonen hans. Nyt opptaka ved å trykkja [HER](#) og [HER](#).

Konserten er altså i Uskedal kyrkje med soknerådet som arrangør, søndag 24.mars kl.18.00. Vi kjem tilbake med førehandsomtale uti veka.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat og Thor Inge Døssland